



Notat

Dato: 16.06.2014
Arkivsak: 2014/17541-2
Saksbehandlar: Iarbirk

Til: Einar Aalen Hunsager

Frå: Lars Øyvind Birkenes/ Gunbjørg Austrheim

Søknad om konsesjon for bygging av Koldalsfossen kraftverk i Fusa kommune - Kulturminnefråsegn

Kva saka gjeld

Søknad om konsesjon for bygging av småkraftverk i Koldalsfossen i Eikelandsfossen, Fusa kommune. Planane er å rive den gamle kraftstasjonen og erstatte den med ein ny. Det er og planlagt ny veg inn til stasjonsbygningen der den gamle kjerrevegen ligg i dag. Utbyggingen vil og innebære ny inntaksdam og ny nedgraven røyrgate.

Vurdering

Det var Peder V. Neumann, f. i Kristiania i 1855 som fekk kjøpe Koldalsfossen i 1873. Han bygde ein fabrikk som laga trådsneller og kondenspropp. I 1897 selde han huset under Koldalsfossen til Smørfabrikken «Viking». Dette førte til ein oppgang i Eikelandsfossen. I Koldalsfossen bygde Koldalane eit ikkje så lite kraftverk. Truleg i 1916. Det er og ei oppgangssaga og ein gamal kjerreveg som kan knytast til industrianlegget. Koldalsfossen er eit heilskapleg anlegg som viser dei ulike spora i samband med utviklinga av industrien i området.

Industrien som er knytt til Koldalsfossen er og ein viktig del av den vestnorske industrihistoria. Industrien rundt elva byr på kunnskap og opplevingar som syner omfanget av tidlegare næringsverksemd i området. Det er og mange i lokalsamfunnet som vil at staden skal takast vare på for ettertida.

Den nye kraftstasjonen er tenkt plassert der den gamle ligg i dag, vegg i vegg med oppgangssaga. Både den gamle kraftstasjonen og murane etter oppgangssaga er viktige historiske spor. Desse spora vil vi be om vert sikra for ettertida og integrert.

Hordaland fylkeskommune ser industrien rundt Koldalsfossen som eit samla teknisk kulturminne med høg kulturminneverdi. Vi vil at kulturminneverdiane vert sikra gjennom at dei eksisterande bygningane/restane vert integrert i dei nye planane. Eit kulturmiljø utan spor reduserer i stor grad kulturminneverdien. Vi vil be om at den gamle kjerrevegen vert varsamt opprusta ved tilrettelegging av ny tilkomstveg. Kulturminne er unike, ikkje-fornybare og uerstattelige. Ifølgje St. meld. nr. 26 (2006-2007) skal mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Fylkeskommunen legg vekt på at ein sikrar kulturminneverdiane.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne må undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.

Konklusjon

Industrien knytt til Koldalselva er eit viktig lokal og regionalt kulturminne. Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har dette kulturmiljøet høg kulturminneverdi. Vi ber om at desse spora vert synleggjort og sikra i dei nye planane for nytt småkraftverk. Vi viser til vår samla fråsegn i saka.